

Forslag til vedtektsendringar i årsmøtet 12.03.2011. Tilføyningar er markert med rødt og kursiv. Fjerna tekst er sett i (klammer og kursiv)

Vedtekter for *Øvre Naustdal Utmarkslag* vedtekne på årsmøtet i NVF sone 4, den 19.3.1998; framleggast for revisjon på årsmøte ØNU 12.03.2011.

§ 1:

Øvre Naustdal Utmarkslag er eit lag av grunneigarar med jakt og/eller fiskerett innan for dette området i Naustdal kommune frå og med gnr. 120 Teigen til og med gnr. 130 Trodalsstrand.

§ 2:

Laget skal arbeide for å fremje jakt og fiske som næring i det området sona gjeld. Det skal og arbeide for god jakt- og fiskekultur, og ved opplysningsarbeid gje folk rett forståing og ansvar for dyrelivet.

Laget skal ivareta grunneigarane sine interesser når det gjeld utmarksnæringane og *deira interesser når det gjeld Naustdal kommune sin del av Naustdal og Gjengedal Landskapsvernområde (LVO).*

§3:

Laget er eit andelslag med skiftande kapital og skiftande medlemstal. Kvar andel er på kr. 10,-. Andelshavarane er ansvarleg for laget si gjeld berre med sin andel.

Andelane skal lyda på vedkomande eigedom og kan ikkje skiljast frå denne. *Kvar eigedom har ei røyst i laget.*

(Det kan skrivast ut ein andel for areal opp til 100 da, og vidare ein andel for kvar 100 da. Kvar andel gjev ei røyst i laget, men ingen kan ha meir enn 5 røyster.)

På eigne eigedommar kan kvar grunneigar drive jakt og fiske utan å løysa jakt- eller fiskekort til laget.

Laget sitt verneting er Sunnfjord heradsrett.

Rekneskapsåret følgjer kalenderåret.

§4

Naustdal vilt- og fiskelag sone 4 skal leiast av eit styre på 5 medlemer. Årsmøtet vel formann for eit år og 4 styrelemer for 2 år, såleis at 2 står på val etter eit år etter lutdraging. Seinare er 2 av styret på val kvart år. Styret er vedtaksført nar 3 er tilstades. Står røystene likt, har formann dobbelrøyst. Styret vel nestformann og kasserar.

§5:

Styret skal arbeide for å fremje laget sitt føremæl. Det skal m.a:

1. Ta seg av laget si eige.
- 2 Setje i verk tiltak til opphjelp av vilt og fisk i laget sitt område,
3. Syte for at avkastinga av vilt og fisk vert nytta på beste måte.

4. Syte for effektivt oppsyn.
5. Syte for at hundelovgjeving og anna lovgjeving vert respektert.
6. Skape interesse for laget og få nye medlemmer.

7. Ivareta grunneigarane sine interesser når det gjeld Landskapsvernområdet.

Det skal førast møtebok over alle saker styret handsamar.

§6.

Innmelding i laget skjer ved teikning av andel. *Føresetnad for teikning av andel er eigedom i området med rettar som skissert i §1.*

(Medlemene kan teikna så mange lutar som styret fastset etter §3.)

Innmelding er bindande for 10 år. Etter dette kan ein melda seg ut av laget. Men då med minst eitt års skriftleg varsel til styret. Utmeldinga er likevel ikkje verksam før laget har avvikla alle skyldnader som det har teke på seg i samband med jakt- og fiskeretter på vedkomande eigedom.

Styret fastset i så fall det endelege tidspunktet. Utmeld medlem hefter for laget si gjeld med sin andel til rekneskapen for siste år er godkjend av årsmøtet.

Utmeld medlem kan ikkje gjere krav på laget si eige. Han kan heller ikkje gjere krav på å få utbetalt sine andeler.

§7:

Vanleg årsmøte i *Øvre Naustdal Utmarkslag* skal haldast innan utgangen av mars. Årsmøtet vert kalla saman skriftleg med sakliste av styreleiaren seinast 14 dagar før møtet. Sakliste skal leggjast ut på ein høveleg stad til gjennomsyn for medlemmer.

Årsmøtet blir leia av styreleiaren. Ved likt røystetal har leiaren dobbel røyst. Dette gjelde ikkje ved val. Eit medlem kan møte med fullmakt og røysta for ein luteigar, men ikkje for fleire.

Årsmøtet skal:

1. Handsame årsmelding frå styret.
2. Handsame rekneskapen og melding frå revisor og evt. budsjettframlegg.
3. Ta avgjer om disponering av overskotet på drifta. Overskotet kan nyttast til kultiveringstiltak for vilt og fisk og andre naudsynte investeringar i utmarksnæring og til utdeling som utbytte til andelseigarane.
4. Velje styre med 2 varamedlemmer i nummerorden.
5. Velje 2 revisorar med varamedlemmer.
6. Kunne gjere vedtak innan lova si ramme for jakttider.

7. Fastsetje prisar på fiskekort, båtutleige m.m.

8. Handsame andre saker som styret og medlemmer i laget legg fram.

Saker som medlem(-er) vil ha fram på årsmøtet, må vera komne inn til styret innan 1 månad før årsmøtet blir halde.

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret eller 1/3 av medlemene krev det.

Dette årsmøtet skal handsama dei saker som styret legg fram.

Det skal førast møtebok over alle saker som vert handsama.

§8:

Ingen kan driva jakt eller fiske på det området laget rår over utan, i tillegg til dei lovfeste avgifter, å ha løyst jakt- eller fiskekort, eller inngått leigeavtale med grunneigar. Eit unntak frå denne regelen er grunneigarar som driv jakt eller fiske på eigen eigedom. Korta gjeld for den tid, det område og dei vilt/fiskeslag som er oppgjeve på dei.

Jakt- og fiskekort kan ikkje overdragast.

Jakt- eller fiskekort må alltid kunne visast fram under jakt eller fiske til personar som sjølve har slike kort, eller til dei som viser anna fullmakt frå styret.

Laget sine medlemmer og andre som har løyst jakt- eller fiskekort, eller som på annan måte har lovleg rett til å drive jakt eller fiske på laget sitt område, pliktar å melde alle tilfelle av ulovleg jakt, fiske og motorisert ferdsel som dei kjem over, til styret for laget. Likeins pliktar dei å handheve gjeldande lov for hundar.

§9:

Medlemene i laget har plikt til å ta mot val som tillitsvald i laget. Likevel kan alle seie frå seg slikt val like lenge som ho/han har vore tillitsvald.

§10:

Alle vedtak i laget vert gjort gyldige med enkelt fleirtal. Til vedtektsendring krevst 2/3 fleirtal. Framlegg til vedtektsendring skal vera med på saklista for å kunne handsamast i ordinært årsmøte.

§11:

Oppløysing av laget vert gjort med 2/3 fleirtal på årsmøtet etter at det har vore framlegg om det på eit tidlegare årsmøte. Minst 1/2-delen av medlemene må vera tilstades. Møter ikkje så mange, kan framlegget verta vedteke på nytt årsmøte, og då med enkelt fleirtal. Før oppløysing må alle bortleigetilhøve vere avvikla og skyldnader dekkja.

Ved oppløysing fell alle laget sine eigneluter tilbake til medlemene i laget – likt fordelt. (*luteigarane i høve til tal luter kvar einskild har.*)

§12:

Alle tvistar mellom laget og medlemene og mellom medlemene innbyrdes i høve desse vedtekter vert avgjort av ei voldgiftsnemnd på 3 medlemer. Av desse vel partane eitt medlem kvar. Formannen vert oppnemnd av sorenskrivaren.